



Saksframlegg

Søknad om marknadsføringstilskot - Høgde AS

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		01.10.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

- Søknad frå Høgde AS om tilskot til marknadsføring i samband med deltaking på verdsutstillinga i Japan i 01-03.10.2025. Søknad dagsett 05.09.2025.
- Reglar for bruk av næringsfondet – K.sak 2015/631

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskudd - representasjon av Fyresdal i Japan, Høgde AS

Bakgrunn for saka:

Hamaren og Tretoppvegen har fått mykje merksemd nasjonalt og internasjonalt, og mottatt fleire prisar og utmerkingar for arbeidet med inkluderande design og arkitektur. Høgde AS v/Monica Sølyst og Birgith Reinskås Lunden har vore sentrale i å jobbe fram prosjektet, og formidle verdiane eit slikt prosjekt fører med seg innan arkitektur, natur- og kultur. Prosjektet, med Tretoppvegen i fokus, vart og nominert til både IAUD-prisen i Japan og Innovasjonsprisen for inkluderande design frå DOGA (Design og arkitektur Norge). Som fylje av dette er Høgde no invitert til å delta på eit fagseminar under verdsutstillinga EXPO 2025 i Osaka, Japan, i regi av DOGA. Arrangementet samlar arkitektur- og designmiljø frå heile Norden, og gjev Norge og dei nordiske landa ein unik moglegheit til å presentere framtidas løysningar innan arkitektur, inkludering og naturbasert utvikling. Høgde AS er også invitera til å halde innlegg under seminaret «Architecture fostering connection and inclusion», på International House of Japan i Tokyo, i eit samarbeid med den norske ambassaden.

Høgde AS søker næringsfondet om marknadsføringstilskot på kr. 30 000,- for fremjing av Tretoppvegen og Fyresdal som destinasjon for unike opplevingar, og for å syne korleis lokalt engasjement gjennom målretta satsing kan skape internasjonal merksemd. Eit eventuelt tilskot vil vere med å finansiere reisekostnad til EXPO 2025 i Osaka og Tokyo.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal legge til rette for vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon, ved mellom ana å legge til rette for medverknad i utviklinga.

Med sin særeigne arkitektur og byggemåte har Tretoppvegen fått merksemd nasjonalt og internasjonalt. Sidan opninga har Tretoppvegen kvart år hatt om lag 60 000 besøkjande, noko som skapar liv i bygda, og ei styrking av reiseliv og næringsliv. Det er mange brikker som skal

på plass for å lukkast i slike store prosjekt, og mykje av arbeidet er tid- og ressurskrevjande. Monica Sølyst og Birgith Reinskås Lunden i Høgde AS har gjennom sitt levande engasjement for Hamaren, Tretoppvegen og bygda Fyresdal formidla arkitektur, natur og kultur på ein unik måte ved ei rekkje foredrag og seminar, i film, og i sosiale media. Gjennom deira formidling har ein lukkast å setje Fyresdal på kartet som reiselivsdestinasjon, og fleire organisasjonar har gripe tak i prosjektets suksess, og hatt Høgde AS til å fortelje suksesshistoria frå vesle Fyresdal. DOGA (Design og arkitektur Norge) har fylgd Hamaren og Tretoppvegen sidan opninga i 2017, og vore imponert over skaparvilja og -evna ein har synt gjennom prosjektet. Dette gav Hamaren Aktivitetspark innovasjonsprisen for universell utforming i 2017, og Tretoppvegen vart nominert til Innovasjonsprisen for inkluderande design i 2025. Høgde har spela ei avgjerande rolle i arbeidet som har ført fram til prisar og nominasjon, noko som igjen har gitt Høgde anerkjenning som formidlar av tema som rører ved så mange. At Høgde no er invitert til EXPO 2025 i Osaka er eit resultat av strategisk, langsiktig arbeid, med ei sterk tru på at dette vil gje Fyresdal og Høgde AS synlegheit langt utover landegrensene.

EXPO 2025 samlar arkitektur- og designmiljø frå heile Norden, og er med det ein unik arena for formidling av kva ein har fått til i ei lita bygd, når ein har eldsjeler med ei sterk tru på ideen. Her har ein moglegheit til å formidle samspelet mellom arkitektur, inkludering og naturbasert utvikling. At Høgde også er invitert til å halde eit innlegg under seminaret «Architecture fostering connection and inclusion» på International House of Japan i Tokyo, syner at ein her har oppnådd anerkjenning for tematikk, involvering og inkludering i arbeidet som er lagt ned, og at arrangør har tru på at dei inviterte kan formidle metodikk, innhald og resultat på ein engasjerande måte.

Høgde poengterer i søknaden at turen primært er på vegne av eige firma, men at deltakinga også vil ha stor verdi for Fyresdal, ved å setje fokus på samspelet som må til for å lukkast i slike prosjekt, korleis små kommunar kan prege ein internasjonal arena, og ikkje minst korleis lokal satsing kan skape internasjonal merksemd.

Som Høgde skriv i søknaden: *«Vi håper at vi sammen oppnår internasjonal profilering, regional og nasjonal oppmerksomhet gjennom pressedekning i forkant og underveis, og vi håper at denne oppmerksomheten vil kunne bidra til økt reiseliv, styrket omdømme og interesse for både Fyresdal som reisemål og HØGDE som kompetansebedrift.»*

Reisa til EXPO 2025 har allereie fått merksemd i media, både i TV og radio, i ulike avviser, og ikkje minst i sosiale medie. På NRK sine nettstader, kan ein under overskrifta «Tretoppvegen til verdensutstillingen i Japan», lese at *«Det er samspillet mellom arkitektur, natur og lokalsamfunn som gjør at prosesslederfirma Høgde er valgt ut av Design og Arkitektur Norge (DOGA) til å dra til Japan.»*

Total kostnad for turen er estimert til kr. 100 000,-, inkl.. reise og overnatting, samt interne reiser og arrangement i Japan. DOGA dekkjer kr. 40 000,-, eigeninnsatsen til Høgde er kr. 30 000,- pluss medgått arbeidstid. Søknaden til Fyresdal kommune er på kr. 30 000,-.

Konklusjon:

Gjennom betydeleg innsats frå ei rekkje partar, har Tretoppvegen og Fyresdal oppnådd internasjonal anerkjenning. Prosjektet har lagt vekt på arkitektur, natur- og kulturformidling, med universell utforming i fokus. Høgde AS har hatt ei avgjerande rolle i å bringe prosjektet dit vi er i dag, med deira langsiktige tru på prosjektet, og deira unike evne til å formidle prosjektet i ulike fora. At Høgde no er invitert til EXPO 2025 er ei enorm anerkjenning for Høgde AS, men også for Fyresdal kommune. Høgde AS har hjartet sitt i Fyresdal, det pregar også deira formidling av kommunen som satsar på nyskaping og berekraftige reiselivsopplevingar. Gjennom tv, aviser og sosial media har Høgde allereie gitt Fyresdal ny merksemd kring Tretoppvegen i samband med turen til Tokyo, og det er liten tvil om at deira engasjement gjev verknadar nasjonalt og internasjonalt. Fyresdal kommune har spissa bruken av pengar når det gjeld mellom ana marknadsføring av reiseliv, ved bruk av Visit selskap m.m. Merksemda Fyresdal kommune,

saman med Høgde AS får som fylje av turen til EXPO 2025 er vesentleg, og fyljer opp strategien på marknadsføring av Fyresdal som reisemål. Om ein vel å nytte kr 30 000,- til marknadsføring av eit stort reisemål, ein spenstig kommune og eit framoverlent konsulentfirma, meiner ein dette vil vere ei god investering.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver kr 30 000,- i marknadsføringstilskot til Høgde AS (org.nr 933 849 546) for marknadsføring av Tretoppvegen, Fyresdal kommune og Høgde AS på EXPO 2025 i Japan. Om reisa skulle bli avlyst, fell løyvinga bort. Løyvinga hentast frå konto 1410.470 næringsfond, som etter denne løyvinga står att med 162 000,- på fondet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Aslak Momrak-Haugan
	skogbrukssjef